

Vedtekter for
Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane SA
Org.nr. 923 883 444

Sist revidert på årsmøte 2. april 2025

1. Samanslutningsform og føretaksnamn

Samanslutninga er eit samvirkeføretak med føretaksnamn Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane SA (OKOS). Medlemane hefter ikkje for føretaket sine eventuelle forpliktingar overfor kreditorar.

Samvirkeføretaket er regulert av lov om samvirkeforetak (samvirkelova). For tilhøve som ikkje er særskilt regulerte i desse vedtektene, gjeld samvirkelova.

2. Forretningsstad

Forretningskontoret ligg i Sunnfjord kommune og adressa er
Firdavegen 6, Concord, 6800 Førde.

3. Medlemskap

Godkjende læreverksemdar i offentlig sektor kan bli medlem av opplæringskontoret ved innmelding. Innmelding skal skje ved søknad til føretaket.

Det skal utformast ein skriftleg samarbeidsavtale mellom opplæringskontoret og medlemsverksemdene, som fastlegg ansvarsfordelinga dei imellom, for at medlemskapen skal være gyldig.

Ved opptak av ei ny medlemsverksemd, må dette meldast til fylkeskommunen, slik at fylkeskommunen kan vurdere den nye samansetjinga av opplæringskontoret opp mot krava til godkjenning i opplæringslova.

4. Føremål og verksemd

Føretaket skal vere eit samarbeidsorgan for medlemane (læreverksemdar), som i fellesskap tek på seg opplæringsansvar for lærlingar, lære kandidatlar, praksisbrevkandidatar og kandidatlar for fagbrev på jobb, jf. opplæringslova § 7-12.

Føretaket fremjar medlemane sine økonomiske interesser gjennom deira deltaking i verksemda, men har ikkje erverv til hovudføremål. Hovudføremålet er å yte gode tenester til eller for medlemsverksemdene, samt sikre høg kvalitet på fagopplæringa.

Føretaket skal i samarbeid med medlemsverksemdene, skuleverket og Yrkesopplæringsnemnda gjennomføre opplæring av lærlingar, lære kandidatlar, praksisbrevkandidatar og kandidatlar for fagbrev på jobb i samsvar med krava i opplæringslova, forskrift til opplæringslova og læreplanane i aktuelle fag.

Kontoret kan og administrere anna relevant opplæring og praksistrening for medlemsverksemdene.

Opplæringskontoret er fleirfagleg og skal kunne teikne lærekontraktar i alle fag kontoret er godkjend for av Yrkesopplæringsnemnda, jf. opplæringslova § 7-2.

Offentlege lærlingtilskot vert utbetalt direkte til opplæringskontoret, jf. opplæringslova

§ 7-8. Deler av tilskotet vert brukt til å finansiere drifta av opplæringskontoret og deler av tilskotet vert fordelt på medlemsverksemdene ut frå kor mange aktive lærekontraktar dei har.

5. Ansvar og oppgåver

Opplæringskontoret skal vere eit samarbeids- og serviceorgan for medlemsverksemdene, som mellom anna:

- Sørgjer for at det vert oppretta kontrakt med den einskilde lærlingen, lærekandidaten, praksisbrevkandidaten og kandidaten for fagbrev på jobb
- Sørgjer for at lærlingane får opplæring i samsvar med aktuell læreplan.
- Sørgjer for at lærlingen vert oppmeld til fag-/kompetanseprøve o.l.
- Sørgjer for at det er faglege leiarar innan alle fag lærebedrifta er godkjent i
- Har kontakt med ansvarleg leiar, fagleg leiar, tilsynsrepresentant og lærling i medlemsverksemdene
- Gjev råd og bidreg til å løyse konfliktar som måtte oppstå under læreforholdet
- Arbeider for å auke rekruttering av lærlingar til medlemsverksemdene i samsvar med overordna mål i den enkelte verksemda
- Held medlemsverksemdene informerte om nye lærefag
- Samarbeider med læreverksemdar og andre opplæringskontor om gjennomføring av lære forhold.

Opplæringskontoret teiknar kontrakt med den einskilde lærlingen, lærekandidaten, praksisbrevkandidaten og kandidaten for fagbrev på jobb om tilsetting i medlemsverksemda. Dato for tiltredinga og tidsramma for læreforholdet, går fram av lærekontrakta.

Medlemsverksemda har arbeidsgjevaransvar for lærlingane, som for andre tilsette, så lenge lærlingen er tilsett der.

Opplæringskontoret kan instruere medlemsverksemdene til å gje lærlingen arbeidsoppgåver som sikrar opplæring i samsvar med læreplanen i det aktuelle fag.

Opplæringskontoret kan omplassere lærlingar til ei anna medlemsverksemd dersom medlemsverksemda lærlingen er i ikkje kan gje lærlingen den opplæringa som læreplanen krev, eller andre forhold tilseier flytting av lærlingen.

6. Medlemsplikter

Medlemene skal arbeide for å fremme høg kvalitet på fagopplæringa, i tråd med opplæringskontoret sitt føremål. Medlemene skal oppfylle dei medlemspliktene som går fram av vedtektene og av samvirkelova.

Medlemsverksemdar kan ikkje tilsette lærlingar utan at dette er godkjent av opplæringskontoret.

7. Utestenging

Ein medlem kan ved skriftleg påbod stengjast ute frå føretaket når medlemmen har krenka føretaket ved vesentleg mishald, eller når tungtvegande grunnar elles tilseier utestenging, etter samvirkelova § 23.

8. Finansiering og medlemskontingent

Verksemda skal finansierast med offentlege tilskot til læreverksemdar. Dei offentlege tilskota vert utbetalte til opplæringskontoret, og skal brukast til å finansiere opplæringskostnadane opplæringskontoret og medlemsverksemdene har med å ha lærlingar, lære kandidat, praksisbrevkandidat og kandidat for fagbrev på jobb.

Storleiken på beløpet som skal fordelast til verksemdene er avhengig av kor mange aktive kontraktar verksemdene har og kva administrasjonsavgift årsmøtet, etter forslag frå styret, fastset i samband med handsaminga av budsjettet.

Medlemsverksemdene skal betale medlemskontingent, og denne vert innkravd årleg. Storleiken på kontingenten vert fastsett av årsmøtet.

9. Eigenkapital

Samvirkeføretaket skal alltid ha ein eigenkapital som er forsvarleg ut frå risikoen ved og omfanget av verksemda i føretaket, jf. samvirkelova § 25.

10. Bruk av årsoverskot

Årsoverskotet kan berre brukast til godskriving av føretaket sin eigenkapital.

11. Styre, valkomité og dagleg leiar

Føretaket skal ha eit styre med seks medlemmar og fire varamedlemmar.

Årsmøtet skal utnemne ein valkomité på tre personar, som foreslår personar til styret. Valkomiteen skal ha medlemmar frå tre ulike medlemmar/medlemsverksemdar. Valkomiteen en si funksjonstid er på fire år, og følgjer den kommunale valperioden.

Styret si samansetjing skal vere slik:

- Ein medlem med personleg vara frå fagforeininga med flest arbeidstakarmedlemmar
- Fire medlemmar frå medlemsverksemdene og to varamedlemmar i nummerert rekkefølgje
- Ein lærlingrepresentant

Styret skal samla ha den kompetansen som er nødvendig for å utføre styret sine oppgaver på ein forsvarleg måte. Årsmøtet skal søke å oppnå kjønnsbalanse i styret ved at det er minst to medlemar av kvart kjønn blant styremedlemene og minst ein av kvart kjønn blant dei nummererte varamedlemene.

Styremedlemene og varamedlemene vert valde for to år om gongen, men slik at berre halvparten av medlemene er til val kvar gong.

Årsmøtet vel leiar av styret. Styret vel sjølv nestleiar.

Føretaket skal ha ein dagleg leiar. Styret tilset og utarbeider arbeidsinstruks for dagleg leiar. Dagleg leiar skal delta på styremøte og årsmøtet.

12. Styret sine oppgaver og mynde

Styret har driftsansvaret for opplæringskontoret og skal m.a.:

Ha det overordna opplæringsfaglege ansvaret

- Vedta målsetjingar og handlingsplanar for kontoret
- Fastsetje administrasjonsavgift (i prosent av brutto tilskot)
- Fastsetje retningslinjer for fordeling av tilskot
- Utarbeide årsrekneskap og årsmelding for kontoret
- Utarbeide budsjettforslag for kontoret
- Syte for at det vert oppretta eit register over medlemene, jf. samvirkelova § 18
- Handsame innmeldingssøknadar/samtykke til overføring av medlemskap

Styret skal legge til rette for elektronisk kommunikasjon mellom medlemene, jf. samvirkelova § 6, såframt dette let seg gjere utan å kome i konflikt med reglar om teieplikt og personvern.

13. Ordinært årsmøte

Ordinært årsmøte skal haldast innan utgangen av april.

Årsmøtet kan haldast i ein annan kommune i fylket enn forretningskommunen, jf. samvirkelova § 45.

Alle medlemene har rett til å delta på møtet, og kan eventuelt late seg representere ved fullmektig. Representant frå Yrkesopplæringsnemnda har høve til å delta som observatør.

Innkalling må skje minimum to veker før møtet. Innkallinga kan sendast elektronisk til medlemar som har godteke det, jf. samvirkelova § 6.

Ein medlem har rett til å ta opp saker på årsmøtet. Eventuelle saker må meldast skriftleg til styret i så godt tid at dei kankast med i innkallinga. Innkallinga skal vere klar på kva saker som skal handsamast. Saker som ikkje er med i innkallinga, kan ikkje avgjerast utan at alle medlemene i føretaket samtykker, jf. samvirkelova § 50.

På det ordinære årsmøtet skal følgjande saker handsamast og avgjerast :

1. Godkjenning av årsrekneskap, budsjett og årsmelding, medrekna disponering av eit eventuelt årsoverskot
2. Fastsette storleiken på medlemskontingenten
3. Val av valkomité kvart fjerde år
4. Val av styre kvart andre år
5. Fastsetting av styregodtgjersle
6. Andre saker som etter lova eller vedtektene høyrer under årsmøtet.

Eit vedtak av årsmøtet krev fleirtal av dei røystene som er gjevne. Årsmøtet kan vedta å endre vedtektene med 2/3 fleirtal av dei røystene som er gjevne. Vedtektsendringar som nemnt i samvirkelova § 54 andre ledd og vedtak om å løyse opp samvirkeføretaket, krev tilslutning frå minst 4/5 av dei gjevne røystene.

Det skal førast protokoll frå årsmøtet, og denne skal signerast av møteleiar og ein person valt av årsmøtet.

Etter krav frå styret kan det haldast ekstraordinært årsmøte, jf. samvirkelova § 42.

14. Oppseiing

Oppseiing av medlemskapen skal skje skriftleg og med tre månaders varsel. Gjeldande kontraktar skal då overførast til den einskilde læreverksemda, som pliktar å gjennomføre læreperioden i tråd med kontrakta, aktuelle lover og reglar.

15. Oppløysing

Oppløysing av føretaket må vedtakast med 4/5 fleirtal på årsmøtet . Samvirket må uansett oppløysast dersom det er mindre enn to medlemar att i samvirket.

Når føretaket er vedteke oppløyst, skal årsmøtet velje eit avviklingsstyre som kjem i staden for styret og dagleg leiar, jf. samvirkelova § 28.

Verksemda til føretaket kan halde fram så langt det er ønskjeleg for ei tenleg gjennomføring av avviklinga. Tingretten kan ved orskurd vedta å overta ansvaret for avviklinga når særlege grunnar talar for det, t.d. dersom føretaket ikkje er meldt endeleg oppløyst seinast eitt år etter registrering av melding om oppløysing til Føretaksregisteret, jf. samvirkelova § 140.

Ved oppløysing av opplæringskontoret skal kontraktar overførast til den einskilde medlemsverksemda, som pliktar å gjennomføre læreperioden i tråd med kontrakta og i tråd med aktuelle lover og reglar.

Verdiar knytte til ikkje-utbetalte lærlingtilskot skal førast attende til fylkeskommunen.

Ei eventuell nettoformue skal gå til føremål som fremjar arbeidet med fagopplæring i verksemd, t.d. ved overføring til eit nytt opplæringskontor innan tilnærma same geografiske område.